



Krav til avkøyrse

Veglova § 40 og 43 gir vegmyndigheiten lovheimel til å sette krav til utforming, bygging og vedlikehald av avkøyrser

Avkøyrser frå kommunale vegar må utformast slik at trafikktryggleiken vert ivareteke. Kommunen stillar krav til frisikt, lengdeprofil og svingradius når det skal byggast nye avkøyrser. I tillegg vert det stilt tekniske krav til opparbeidinga av avkøyrsele.


Frisikt

Det skal vere uhindra sikt i eit område langs den kommunale vegen på kvar side av avkøyrsele. Sikta kan teiknast opp som sikttekantar der augepunktet er i avkøyrsele. Storleiken på området vert bestemt av fartsgrensa på staden.

- For vegar med fartsgrense 30 km/t er krava til frisiktsone $L_1=20\text{m}$ og $L_2=3\text{m}$
- For vegar med fartsgrense 50 km/t er krava til frisiktsone $L_1=45\text{m}$ og $L_2=4\text{m}$

Eksempel på frisikttekant er vist i figur 1.

Frisiktområdet skal vere fri for sikthindringer høgare enn 0,5 m over nivået til hovudvegen. Enkeltstående tre, stolpar og liknande kan verte godtatt. Tre i sikttekanten bør plasserast slik at trekronen ikkje hindrar sikt.




Figur 1: Frisiktområde



Lengdeprofil


Lengdeprofilen skal vise oppbygginga av avkøyrsele. På dei første 2 m frå vegkanten skal avkøyrsele ha eit jamnt fall på 1:40 (2,5%). På dei neste 3,5 m bør avkøyrsele ha maksimal stigning/fall på 1:20 (5%) / 1:30 (3,3%). Deretter skal ikkje vegen ha større fall/stigning enn 1:8 (12,5%). Lengdeprofil er vist i figur 2.



Figur 2: Lengdeprofil

Svingradius

For avkøyrslar med liten trafikk dvs. årsgjennsnitt (ÅDT¹) mindre enn 50, eller færre enn 10 bueiningar, bør det lagast ei hjørneavrunding med radius $R=4m$, se figur 3. Avkøyrslar som har ÅDT som er større enn 50, eller med stor andel lastebiler og tunge køyretøy, bør utformast som kryss i henhold til Statens Vegvesen sin Håndbok N100 med $R=9m$. Svingradius vert teikna inn på situasjonskart $M=1:500$.



Figur 3: Svingradius for avkøyrsele med ÅDT mindre enn 50 eller færre enn 10 boenheter

¹ det totale antall kjøretøy som passerer eit snitt på ein veg i løpet av eit år, delt på 365



Austrheim kommune

Tekniske krav

Avkøyrsele skal byggast slik at overvatn frå avkøyrsele ikkje renn inn på den kommunale vegen. Den må også byggast slik at overvatn frå vegen ikkje renn inn i avkøyrsele. Viss avkøyrsele avskjerer open grøft skal det leggast avlaupsrør med minimum diameter 200 mm. Avlaupsrør skal leggast slik at veggrøften sin funksjon vert oppretthaldt. Grøftevatnet skal ha fritt løp inn i og ut av røret. Avkøyrsele skal i sin helhet tilpassast hovedvegens lengde- og tverrprofil. Det må tilretteleggast for snuplass på eigen grunn.

Kryssing av fortau

Einkvar tilpasning til fortau skal i sin heilskap gjerast på eigen eigendom. Tilpasninga skal gjerast slik at vegen sin tekniske standard og funksjon vert opprettheldt. Nedsenking av kantstein frå 16 cm til 5cm høgde skal skje over 1m bredde på kvar side av avkøyrsele. Bakkant fortau skal ha gjennomgåande høgde. Viss avkøyrsele har liten trafikk kan ikkje-avvisende kantstein nyttast.

Ansvar for vedlikehald

Avkøyrsele med tilhøyrande siktområde, rør eller stikkrenner skal vedlikehaldast av grunneigar eller brukar, utan omsyn til kven som har bygd eller kosta avkøyrsele.